



Tore Andre Frugård
Nedre Bjørkåsen 6
5228 NESTTUN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/476 - 21/423

Sakshandsamar:
Øyvind Tolleshaug
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:
19.01.2021

Vedtak om pålegg om fjerning av 5 stk IBC-konteinerar med fyringsolje. Vedtak om at Fedje kommune vil fjerna konteinerane dersom dei ikkje er fjerna innan fristen i pålegget.

Administrativt vedtak. Saknr: 005/21

Saksutgreiing:

På egedomen gnr. 169, bnr. 47 står det attmed den kommunale kloakkpumpestasjonen, 5 stk IBC-konteinerar med tjuktflytande fyringsolje.

Kvar konteiner inneheld om lag 1000 liter fyringsolje.

Sjølve tanken til IBC-konteinerane er laga av polyetylen. Tanken står i eit rammeverk av tynne stålrojr. IBC-konteinerar er ikkje egna til oppbevaring av fyringsolje over lengre tid. IBC-konteinerane med fyringsolje har stått på same plassen i fleire år. For nokre av konteinerane har stålrojrøra starta å ruste, andre konteinerar har sprekker i sjølve tanken.

Land & Strand eiendom AS eig 4 av 5 seksjonar av gnr. 169, bnr. 47. Kommunen ser det slik at Land & Strand eiendom AS eig konteinerane.

Konteinerane med innhold må transporterast til eit godkjent mottaksanlegg.

Etter § 28 i forureiningslova er det ikkje høve til å oppbevara avfall slik at det kan vera til skade eller ulempe for miljøet. Etter kommunen sitt syn, er konteinerane lagra i strid med § 28.

Etter § 37 i forureiningslova kan kommunen gje pålegg om at avfall som er i strid med § 28 skal fjernast innan en gitt frist.

Dersom kommunen gjev pålegg om fjerning og dette ikkje vert etterkomne, kan kommunen etter § 74 i forureiningslova syte for fjerning av konteinerane.

Dersom kommunen i medhald av § 74 i forureiningslova syter for fjerning av konteinerane, kan kommunen i medhald av § 76 krevja at Land & Strand eiendom AS betalar.

Føreåtvarelsel om pålegg om fjerning av konteinerane, fjerning utført av kommunen om pålegg ikkje vert etterkome og eventuell refusjon av kommunen sine utgifter, vart sendt 9. november 2020.

Fedje kommune gjer no vedtak om pålegg og evenuell fjerning utført av kommunen. Dersom pålegg om fjerning ikkje vert gjennomført, vil kommunen koma attende med krav om at kommunen sine utgifter vert dekka av grunneigar. Lovheimel for dette er § 76 i forureiningslova.

Fedje kommune er klar over at Tore Frugård har hatt diverse korrespondanse på e-post med renovasjonsselskapet NGIR om fjerning, utan at dette har gjeve noko resultat.

Vedtak

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Fem stk IBC-konteinerar med fyringsolje som står på gnr. 169, bnr. 47, skal vera fjerna innan 19. februar 2021. Dette er eit pålegg etter § 37 i forureiningslova. Grunngjeving : sjå saksutgreiinga.

Dersom 5 stk IBC-konteinerar ikkje er fjerna innan 19. februar 2021, vil Fedje kommune syte for fjerning. Lovheimel : § 74 i forureiningslova. Grunngjeving : sjå saksutgreiinga.

Når det gjeld klagerett, syner eg til vedlegget

Øyvind Tolleshaug
Plan- og utbyggingssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Mottakarar:

Tore Andre Frugård

Nedre Bjørkåsen 6 5228

NESTTUN